

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.11.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, H, Sp, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Tillegg:

RMNF vil understreke at pkt 2 i framlegg til vedtak er svært viktig, og meiner ein i vedtaket bør forsterke det med å vise til Vestland fylkeskommune side 6-7 i saksutgreiinga, eller ta inn nokon av formuleringane som strekpunkt. Ma at ein ikkje kan innføre eit system som er utilgjengeleg for brukarar som ikkje nyttar smarttelefon. Eit sånt forslag er diskriminerande både mot menneske som ikkje kan bruke den teknologien eller ikkje har råd til å skaffe seg teknologien. Det må takast omsyn til personar som ikkje har / kan ha eigen bank-ID. (ma nokre av dei som må ha verge på det økonomiske).

"bør" blir bytta ut med "skal" når det gjeld bruk av kontantar..»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

RMNF vil understreke at pkt. 2 i framlegg til vedtak er svært viktig, og meiner ein i vedtaket bør forsterke det med å vise til Vestland fylkeskommune side 6-7 i saksutgreiinga, eller ta inn nokon av formuleringane som strekpunkt. M.a. at ein ikkje kan innføre eit system som er utilgjengeleg for brukarar som ikkje nyttar smarttelefon. Eit sånt forslag er diskriminerande både mot menneske som ikkje kan bruke den teknologien eller ikkje har råd til å skaffe seg teknologien. Det må takast omsyn til personar som ikkje har / kan ha eigen bank-ID. (m.a. nokre av dei som må ha verje på det økonomiske).

«bør» blir bytta ut med «skal» når det gjeld bruk av kontantar.